

Lindås kommune
Byggjesak
Kvernhusmyra 20
5914 ISDALSTØ

Vår referanse: 0315-B02_2
Bergen, 06.07 2018

LINDÅS KOMMUNE – EINING FOR TEKNISK DRIFT. VASSLEIDNING KROSSLIA-REMME. GNR. 131 BNR. 4, 5 M.FL. SØKNAD OM RAMMELØYVE.

På vegne av Lindås kommune – Eining for teknisk drift søker vi med dette om rammeløyve til å bygge vassleidning mellom Indre Fosse, Skarsvegen/Krosslia og Remme/Neshaugen.

Lindås kommune skal byggje vassforsyning til Remme. Prosjektet vil omfatte ny rørleidning på tvers av Radsundet, nord for Kvamsvågen og Årsholmen. Rørleidning knytast til kommunalt røyrnett på gnr/bnr. 145/97 i Krosslia – Skarsvegen. Vassleidning leggjast gjennom borehol i fjell til sjø, båe i Krosslia og på Remme. Trase vil krysse eigedomane gnr/bnr. 131/5 og /4 på Remme og Neshaugen. Fram mot Radøyvegen (kum V4) leggjast røyr i veg. Leidning avsluttast ved Juvika. Samstundes leggjast privat vassleidningar parallelt med hovudleidning for forsyning av private eigedomar. Stikkleidning fram til kvar bustad må utførast i samarbeid mellom grunneigarane på Remme og Neshaugen.

Vassleidningen vil bli ein del av hovudnettet i Lindås kommune og sikrar vassforsyning til eigedomar på Remme og Neshaugen.

Det søkjast om dispensasjon frå Kommunedelplan Knarvik-Alversund for legging av vassleidning på areal regulert til LNF (Landbruk, Natur og Friluft). Dyrka innmark vil bli reetablert. Rørleidning leggjast og innanfor 100-meters beltet frå sjø.

Innan utløp av frist for merknad til nabovarsel har vi mottatt brev frå Statens Vegvesen. Slik vi tolkar brevet er dette berre ein generell orientering om arbeidsvarsling for tiltak i nærleiken av fylkesveg. Orientering vil bli vidareført til utførande firma.

Søknad om førehandsfråsegn frå Bergen hamn er innsendt 22. juni 2018. Fråsegn vil bli ettersendt så snart dette er motteken.

Kopi av grunnavtalar mellom Lindås kommune og grunneigarar som får vassleidning over eigedomen vil bli innsend i samband med søknad om igangsetjingsløyve.

Spørsmål til søknaden kan rettes til underteikna (tlf. 55 59 82 64/e-post thor-henrik@haugen-vva.no) eller Eining for teknisk drift v/Atle Dingen (tlf. 56 37 56 85).

Vi vonar om ein positiv sakshandsaming.

Med venleg helsing



Thor-Henrik Fredriksen

Vedlegg:

Søknad om rammeløyve

Dispensasjonssøknad

Rapport naturmangfald

Brev frå Statens Vegvesen

Kvittering innsendt søknad om førehandsfråsegn frå Bergen hamn

Teikn.nr.

GH01 – Vann- og avløpsplan (M=1:1500)

GH02 – Ledningsplan og profil Krosslia (M=1:500/100)

GH03 – Ledningsplan og profil Remme, kum V2-V4 (M=1:500/100)

GH04 – Ledningsplan og profil Remme, kum V4-V5 (M=1:500/100)

GH10 – Detalj ledningsgrøft (M=1:20)

GH20 – Plan og snitt vannkum V1 (M=1:20)

GH21 – Plan og snitt vannkum V2 (M=1:20)

GH22 – Plan og snitt vannkum V3 (M=1:20)

GH23 – Plan og snitt vannkum V4 (M=1:20)

GH24 – Plan og snitt vannkum V5 (M=1:20)

Kopi av brev og vedlegg:

Lindås kommune, Teknisk drift v/Atle Dingen